

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 11.03.18
FRÅ: Styreleiar
SAKSHANDSAMAR: Styreleiar

SAKA GJELD: **Styringsmål Administrerende direktør 2018**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **011/18 Vedlegg 4**

STYREMØTE: **22.03.2018**

Styringsmål Administrerende direktør 2018

Styreleiar har i samtalar med administrerende direktør tidlegare i år hatt ein prosess for å fastsetje styringsmål for AD. Måla er satt med bakgrunn i ein overordna vurdering av risiko, og at tal mål skal være høveleg og realistiske å nå.

Utgangspunktet for måla i 2018 er å få etablert ein strategiplan for SAV, og system for oppfølging og vidareutvikling av planområdet til SAV (fagplanar, LTB, HP m.v.)

Økonomi

- AD skal arbeide vidare med internkontrollen på økonomiområdet, og ein langsiktig plan for finansiering av utviklingsområder og behov dei komande åra.

Organisasjon

- AD skal starte med leiargruppeutvikling i 2018.
- AD skal gjennomføre medarbeidersamtalar og etablere oppfølgingsplanar for sine leiarar.
- AD skal lage styresak i 2018 om korleis leiinga følger opp krav i «Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helsetjenesten».

Fag/ kvalitet

- Nasjonalt samarbeid skal følgast opp.
- Beredskap og legemiddelforsyning skal ha særskild merksemd i 2018.
- AD må utvikle hensiktsmessige indikatorar for oppfølging og utvikling av publikumsområdet i SAV
- AD skal etablere ein kvalitetspolicy for SAV i 2018

Teknologi/ kommunikasjon/ samhandling

- AD skal etablere nye samarbeidsavtalar med HF a i 2018
- Arbeid med informasjonstryggleik må ha høg merksemd. Leiinga må ha gjennomgang av området, samt involvere styret på ein eigna måte.
- Planverk for forskning og innovasjon i Helse Vest må følgast opp, og med vekt på å skape gode prosjekt for utvikling i SAV

Generelt

- AD og styreleiar skal minst 2 gonger årleg drøfte styringsmåla og gjensidige forventningar.